



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/415 - 20/78044

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
05.01.2021

Stadfestar mottatt klage og vurdering av utsatt iverksetting - gbnr 354/23 Husebø

Tiltak: Søknad om løyve til oppføring av verksted/lagring
Byggjestad: Gbnr: 354/23
Tiltakshavar: Jegvan Kaarbø
Ansvarleg sækjar:

Vi stadfestar med dette å ha motteke dykkar rettidige klage, datert 06.12.2020, over kommunen sitt vedtak i sak 20/415 med saksnr 158/20, datert 11.11.2020, om dispensasjon til oppføring av anneks.

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker.

Kommunen har førebudd saka ved at klagen er sendt til uttale til tiltakshavar og rettidig tilsvar er mottatt.

Klagen kan føre til at vedtaket vert endra av administrasjonen. Det nye vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på.

Dersom administrasjonen opprettheldt vedtaket, vert klagen handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 20.01.2021. Møta vert halde på rådhuset. Meir informasjon om politiske møte ligg på Alver kommune si heimeside, sjå [her](#).

Handsaminga i Utval for areal, plan og miljø kan føre til at vedtaket vert endra, jf. forvaltningslova § 33. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen sitt vedtak oppretthaldt av Utval for areal, plan og miljø, vert klagen sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Vurdering av utsett iverksetting av vedtak

I mottatt klage er det bedt om utsett iverksetting av vedtak med saksnr 158/20, datert 11.11.2020, om dispensasjon til oppføring av anneks.

Oppmoding om utsett iverksetting vert handsama uavhengig av sjølve klagehandsaminga.

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskapleg og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka. Det sentrale for avgjerda vil vera ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje, td. uoppretteleg skade eller tap for partane.

I vedtaket som er fatta er det gitt dispensasjon frå byggeforbodet i strandsona, jf. pbl. § 1-8 og frå utnyttingsgrad i kommunedelplanen (KDP) for tidlegare Meland kommune for oppføring av anneks. Det er søkt om løyve til oppføring av anneks og gjeve administrativt avslag den 16.09.2020. Ved politisk behandling av klagen frå tiltakshavar på avslag på dispensasjon og løyve, vart det i klageomgangen gjeve dispensasjon, men ikkje løyve til oppføring av anneks i sak 20/415 med saksnr 158/20, datert 11.11.2020 . Det ligg ikkje føre løyve til tiltaket pr. dags dato.

Administrasjonen vurderer at det er grunnlag for å gje utsett iverksetting av vedtaket om dispensasjon inntil klagesaka er avgjort. I vurderinga av saka har administrasjonen lagt særleg vekt på at det ikkje er føremålstenleg å handsama ein eventuell søknad om løyve før klagen på dispensasjonsvedtaket er endeleg avgjort, då ei eventuell omgjering av vedtaket som no ligg føre vil kunne føra til at det vert gitt løyve til oppføring av annekset på feil grunnlag slik at også dette vedtaket må endrast. Det er vidare lagt vekt på at eit vedtak om utsett iverksetting får liten konsekvens for tiltakshavar.

Det vert gjeve utsett iverksetting av vedtak i sak 20/415 med saksnr 158/20, datert 11.11.2020, om dispensasjon til oppføring av anneks.

Denne avgjerda er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Fylkesmannen kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Statsforvaltaren i Vestland.

Aktuelt regelverk

- Frist for handsaming av klage går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1 første ledd bokstav c.
- Frist for handsaming av klage viss det er gitt utsatt iverksetting går fram av SAK § 7-1 første ledd bokstav f.
- Kommunen kan endre vedtaket på bakgrunn av klaga, jf. forvaltningslova (fvl) § 33.
- Utsett iverksetting av tiltak har grunnlag i fvl § 42.
- Krav om utsatt iverksetting skal vurderast med bakgrunn i Ombodsmannen si årsmelding av 1985 på s. 154.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Siril Therese Sylta
Tenesteleiar arealforvaltning

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jegvan Kaarbø

Sandviksbodene 3 B

5035

BERGEN

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER